

---

Vår referanse 2020/78117-4  
Dato 26.01.2021

---

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

## Fråsegn til høyring av Statnett sin KVU for Bergen og omland

Hei,

Vedteken innstilling frå fylkesutvalet er gjeldande som fråsegn. Saksutgreiing gjev utgreiande informasjon bak vedtaket.

Med helsing

Bjørnar Tjøflot  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	6/21	12.01.2021
Fylkesutvalet	8/21	19.01.2021

**Fråsegn til høyring av Statnett sin KVU for Bergen og omland**

## Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.
2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.
3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel frå anten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet.
4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.
6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021**

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da ho sit i styret til BKK, som er engasjert i Statnett sine prioriteringar. Hestetun gjekk frå møtet under vurderinga av spørsmålet om inhabilitet. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd. Ho gjekk frå behandlinga av saka.

Leiar **Tor André Ljosland (KrF)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han er nabo til ei kraftline. Ljosland gjekk frå møtet under vurderinga av spørsmålet om inhabilitet og nestleiar Sigrid Brattabø

Handegard leia møtet under vurderinga. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var habil. Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av Sp fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 3. Alternativ til andre setning i innstillinga:

Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet.»

**Terje Søviknes (FrP)** sette på vegner av FrP fram slikt tilleggsforslag:

«Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.»

### Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet punkt 1-6 utan punkt 3, vart samrøystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart vedteke, 12 mot 2 (A) røyster.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.
2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.
3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet
4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.
6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.
7. Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

**Anne Gine Hestetun (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit i styret i BKK AS. Utvalet vedtok samrøystes at ho var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

### Avrøysting

Det var 16 medlemmer til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.
2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.
3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet
4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.
6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.
7. Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.

### Samandrag

Etter Vestland fylkeskommune sitt skjønn har Statnett vore for forsiktige i anslaga sine på forbruksvekst og undervurdert dei samfunnsøkonomiske effektane av at fleire aktørar får tilgang til rein kraft tidlegare. Vi meiner òg at alternativ med sjøkabel frå Modalen eller Samnanger burde vore utgreidd i denne KVU-en.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Statnett sin KVU for Bergen og omland

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kraftnettet i Bergen og omland har ikkje kapasitet nok til å møte planlagt forbruksvekst. Grunna lite kapasitet til ny vekst er fleire planar om etablering av ny grøn næring set på vent eller skrinlagde.

EY-rapporten "Vestlandsscenarioene 2020" understøttar at ein av dei største utfordringane Vestland har i møte med det grønne skiftet er manglande kapasitet i kraftnettet. Rapporten kjem ut årleg og ser på moglegheiter og utfordringar for heile næringslivet knytt til koronakrisa og globale megatrendar som det grønne skiftet.

Rapporten i år er eit resultat av ei samla bestilling frå eit partnerskap samansett av Vestland fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd og Bergen kommune. Analysen er gjort av Ernst & Young i tett samarbeid med partnerane. I denne rapporten vert det konkludert på fleire punkt som er særskilte relevante for denne høyringa.

Som styrker viser rapporten til at vi har leiande klynger og bransjar som ligg i framkant av det grønne skiftet. Vi har ledige areal der det er rom for grøn industri å vokse fram. Dette gjer at vekst kan koma utan unaudsynte nye inngrep i natur. På mange lokasjonar har vi infrastruktur og store selskap som kan vere lokomotiv for industrielle symbiosar og skalering av pilotar.

Som trugsel mot ønska utvikling i Vestland peikar i SWOT-analysen på at vi har for låg "sense of urgency" og har ikkje sett behovet for å innovere. Dette kan m.a. relaterast til kraftnettet vårt der vestscenario brukt for planlegging og oppgradering av kraftnettet har vore for milde. Dette gjer at kraftnettet ikkje har kapasitet nok til vekst som kjem no. Analysen peikar òg på trugselen ved elektrifisering av samfunnet og industrien, samt at det er vedtatt å elektrifisere Nordsjøen, kan gjera at det spesielt i ytre ring ikkje vil vere mogeleg å etablere ny kraftkrevjande industri dei neste 5-10 åra.

Rapporten peikar på at vi må samarbeide om å handtere ulike barrierar for å realisere moglegheitene i Vestland. Den første barrieren som vert utpeika for Vestland er at mangel på nettkapasitet hindrar nyetablering og vekst. Vidare står det at vi Vi har ei betydeleg utfordring dei neste 5-6 åra med å få starta vekst i tidlegare Hordaland og Gulen fordi vi har akutt mangel på nettkapasitet for å lukkast med vekst og innovasjon i klyngene og for å tiltrekke norske og internasjonale vekstlokomotiv. Dette må løysast med ei anna prioritering av tilknytningstilsagn.

Det er allereie identifisert eit underskot i nettkapasitet på 2 800 MW dei neste åra, der om lag 1 000 MW skuldast elektrifisering og nedlegging av gasskraftverket på Mongstad.

I Vestland fylke er det avdekt manglande nettkapasitet i tidlegare Hordaland/Gulen, samt i kystkommunane i Sunnhordland. NVE har gjeve avslag til alle nye tilkoplingar som krev kraft til elektrifisering og til industrietableringar. Statnett har basert innmeldte behov per august 2020 identifisert minimum 140 % underkapasitet (2 800 MW) på transmisjonskapasitet berre i "BKK-området", der utfordringa er forsterka av elektrifisering av Troll og Oseberg-felta som vil krevja anslagsvis 900 MW. Samt nedlegging av gasskraftverket på Mongstad (med om lag 240 MW).

Dette betyr at det er minst 5 år før kortsiktige tiltak vil mogleggjera nyetableringar og gjennomføre skalering av initiativ (t.d. Northern Lights/Langskip CCS) på Kollsnes, hydrogenproduksjon og gjennomføring av vedtekne politiske investeringar.

Dei øvst rangerte kritiske suksessfaktorane i rapporten for å lukkast med det grønne skiftet er:

- Prioritere nettkapasitet til hydrogenøkonomi og arbeidsplassar på land ved å utsette bortfall av nettkapasitet (utsetje elektrifisering i Nordsjøen, drive vidare gasskraftverket på Mongstad).
- Forsere kortsiktige tiltak for å forsterke nettkapasitet i Hordaland/Gulen til vekst og nyetableringar.
- Vurdere ny prioriteringsmekanisme for tilkopling til nett basert på berekraftig verdiskaping per megawatt.

### **Viktige punkt frå Statnett sin KVV for Bergen og omland**

I konseptvalutgreiinga vurderer Statnett at ein ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løysar utfordringa me møter. Samnanger-Kollsnes er vurdert marginalt betre enn

Modalen-Kollsnes. Fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV er òg vurdert.

Statnett meiner at ny forbindelse frå Sogndal til Kollsnes vil løyse eit mellomscenarior for tenkt behov som ligg føre. Positive aspekt ved denne løysinga er at det kan gjennomførast ved å i stor grad spenningsoppgradere eksisterande nett, byggje nytt nett parallelt, byggje nytt nett i nye traséar eller ein kombinasjon av desse. Dette tiltaket vil i tillegg løyse flaskehalsproblematikk som ligg mellom Sogndal og Modalen. Prosjektet kan gjennomførast trinnvis, noko som vil opne for ny tilkopling etter kvart som trinna gjennomførast. Statnett har sett på ulikekonsept for å forsterka mellom Sogndal og Kollsnes.

Oppgradering av Sogndal-Modalen inngår i alle konsept som vurderast for forsterking mellom Sogndal og Kollsnes. Her har Statnett vurdert at det er tilstrekkeleg å oppgradera sambandet til ein leidning på 420 kV. Dette gjev nok kapasitet til å fjerna flaskehalsane på dette strekket. Dette vert vurdert som betre enn ny forbindelse parallelt med eksisterande leidning. Vestland fylkeskommune vil be om at analysar som ligg bak denne vurderinga vert synleggjort. Vil parallelle linjer gje ny kapasitet som tillét større forbruksauke enn spenningsoppgradering åleine?

Mindre oppgraderingar i eksisterande nett vil raskare opne for tilknytning av nytt forbruk (midt på 2020-talet) enn store leidningsprosjekt. Desse tiltaka er spenningsheving av eksisterande samband mellom Modalen og Kollsnes og auka kapasitet Øygardskabelen. Desse tiltaka har vore skissert i tidlegare kraftsystemutgreingar og vert kalla trinn 1-tiltaka i KVVU-en. Dette er ikkje tilstrekkeleg oppgradering i seg sjølv, men vert vurdert vidare ilag med andre tiltak. Statnett må gå vidare med trinn 1-tiltaka som gjev best langsiktig verknad. Med dette meiner vi at den gamle Øygardskabelen ikkje kan liggja att for å spara kostnadar viss dette vanskeleggjer spenningsoppgradering av Litle Sotra-Kollsnes ved eit seinare tidspunkt.

Statnett har kome fram til at ein ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes truleg best løyser utfordringa me møter. Det er òg undersøkt om ei fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV er eit godt alternativ. Samnanger-Kollsnes er vurdert marginalt betre enn Modalen-Kollsnes. Prisen på tiltaka er vurdert til om lag 6,2 og 6,3 mrd. Det er venta at alternativet frå Samnanger dekkjer meir av fornyingsbehovet og sparar difor meir av reinvesteringarkostnadane.

Om forbruksvekst skulle verta endå høgare enn venta er dette best løyst med ny trasé. Dette er fordi det er billegare å byggja ny leidning fyrst for så å oppgradere den gamle om det skulle verte større behov, enn omvendt. Å berre spenningsoppgradere eksisterande trasé vil spara miljøet for inngrep. På lengre sikt er det truleg ikkje nok å spenningsoppgradere eksisterande nett. Ny trasé vert då naudsynt og tiltaka vert gjennomførte likevel.

Statnett meiner ei løysing som stort sett går i sjøkabel mellom Samnanger og Kollsnes (slik som lagt fram i Serene-prosjektet) er ei systemmessig dårlegare løysing enn ny leidning som er innom koplingstasjonar på vegen. Vestland fylkeskommune vil gjerne vite om dette likevel ville vore eit godt alternativ viss utført saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande nett. Etter vårt skjønn burde Statnett lagt fram konsept som inneheldt sjøkabel frå anten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet. Vi meiner difor at KVVU-en har utelate særskilte relevante konsept.

KVVU-en visar i analysar at gjennomføring av tiltak så snart som mogeleg er mindre kostbart enn å utsetja tiltak i nettet. Dette er Vestland fylkeskommune samd med. Samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.

Statnett har lagt til grunn i KVVU-en at forbruket i utgreiingsområdet gradvis søkk etter 2030. Denne konklusjonen er ikkje Vestland fylkeskommune einig i. Det er nemnd nedtrapping i petroleumsindustrien. Vestland fylkeskommune meiner det ikkje er grunn til å tru at forbruket i regionen vil gå ned etter 2030. Samfunnet skal i stor grad elektrifiserast framover. Dette vil ikkje stoppe opp i 2030. Industri, transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv. vil bidra til at forbruk av kraft aukar òg etter 2030.

Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Det burde i alle fall greiast meir ut om kva tiltak, eller serie av tiltak som best møter ei høgare forbruksvekst. I KVVU-en er det berre tenkt noko rundt tiltak som må gjerast for å møte høgscenarior av forbruksvekst. Dette er t.d. å spenningsoppgradere Sauda-

Samnanger i tillegg til Spenningsoppgradering internt og ny forbindelse ut til Kollsnes. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at dette vil verte aktuelt.

Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til å ta konseptval på ny forbindelse.

Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har endeleg vedtakskompetanse i saka.

Vurderingar og verknader

#### **Økonomi:**

Det er økonomisk særst viktig for Vestland at kraftnettet vert utbetra slik at planlagt forbruksvekst kan kome. Utan eit meir robust kraftnett kan ikkje Vestland ta ei leiroll i det grønne skiftet og stå att med dei verdiane det vil gje. Dette er understreka av "Vestlandsscenarioene 2020". Tiltaka som er lagt fram i KVU-en vil truleg kosta nettkundane i utgreiingsområdet. Ei utløyst grøn omstilling vil gje fleire arbeidsplassar i fylket.

#### **Klima:**

Denne saka styrker satsinga Vestland har på grøn omstilling og nye framtidretta arbeidsplassar. Saka bidreg til målet å redusere klimagassutsleppa i fylket.

#### **Folkehelse:**

Auka elektrifisering bidrar til å kutte utslepp og arbeidsplassar er positivt for folkehelsa.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Dette tiltaket støttar opp fleire av FN sine berekraftsmål. Spesielt måla 7, 8, 9, 11, 12 og 13 bør nemnast når dette skal bidra til at vi får ned klimagassutslepp og kan skape nye gode arbeidsplassar basert på rein energi. Dette gjer at tiltaket direkte støttar opp under mål 1, 2 og 3 i utviklingsplan for Vestland. Tiltaket er viktig for å utvikle Vestland i ønskja retning.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak. Ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.

Sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Sjøkabel frå anten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet burde vore utgreidd.

Vestland fylkeskommune meiner Statnett har lagt til grunn for låg vekst i middelsscenarioet i analysane. Vi meiner òg det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.

Anleggsbidragsproblematikken må avklarast.